



forum for
natur og friluftsliv
i
Sogn og Fjordane

NVE
nve@nve.no

Leikanger 03.09.2015

Høyringsfråsegn frå Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og FNF til søknad om bygging av Nundalselvi kraftverk i Årdal kommune i Sogn og Fjordane.

Registreringsnummer: 6366
Saksnummer: 201102491

Vi viser til høyringsbrevet vi fekk tilsendt 16.06.2015 med konsesjonssøknad for Nundalselvi kraftverk i Årdal kommune. Høyringsfråsegna vår er basert på opplysningar i konsesjonssøknaden, informasjon frå internett, eige kjennskap og frå lokalkjende.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforeningens sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.081. Nundalselvi ligg i Årdal turlag sitt arbeidsområde, sjå <http://ardalturlag.no/>

Om Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er fylkeslaget til Norges Naturvernforbund som er landets eldste natur- og miljøverneorganisasjon, 100 år i 2014. Naturvernforbundet arbeider for å ta vare på natur og miljø slik at menneskeleg verksemd ikkje påfører naturen større påkjenningar enn den toler. Sjå: <http://naturvernforbundet.no/sognogfjordane/>

Om friluftsliv i det aktuelle området:

Utbygginga er planlagt i eit veglaust dalføre der (enklaste) tilgang er med båt over Årdalsvatnet eller evt å gå via Seimsdalen og Sjursettjørne og ned. Frå Årdalsvatnet er det turstier opp på begge sider av Nundalselvi frå Årdalsvatnet og her er fint å gå lengre eller middels lange rundurar opp i anten Feningdalen, oppom eller på fjellet Horga, mot Midtnosi og Synnos og evt ned til Osestølen og vidare ned att til Fardalen. Dette er ei av dei siste elvene i Årdal som er uberørt av kraftutbygging og har difor ei sær spesiell rolle for friluftslivet og høve for oppleving av urørt ikkje-utbyggd vassdragsnatur.

I boka Opptur 267 fotturar i Sogn og Fjordane er det ein tur, side 97, Årdal 02-10 Horgi rundt med start inst i Seimsdalen som kan gje retur til same dal eller alternativt ned i Nundalen.

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost sognogfjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogfjordane

Årdal Turlag har arrangert desse turane dei siste år:

I forrige støls-og toppturperiode (2010-2012) hadde Årdal Turlag post ved Haugstad gard (ca 500moh).

Årdal Turlag hadde sist tur til Nundalen 3/7 2011. Då gjekk me ned heile dalen frå Seimsdalen (Sjursete) til Årdalsvatnet langs stien på nordsida av elva med 42 deltakarar.

Årdal Gålag var i Nundalen (Haugstad gard) 26/6 2013 med 23 deltakarar. Dei gjekk til/frå Sjursete som nok er den vanlegaste ruta.

”Dette er som sagt ei av dei siste elvene i Årdal som er uberørt av kraftutbygging” seier Kristin Hestetun leiar i Årdal Turlag.

Verdien av området som urørt er såleis særst viktig utifrå sumverknadane av alle kraftutbyggingar og linjetrasear som no pregar Årdal kommune. Vi meiner dette er eit viktig grunnlag for å bevare området fritt for utbygging!

I områda rundt Offerdalshalvøya er elles Offerdalselvi, Kinsedalselvi og Kveken omsøkt for kraftutbygging, samt Fardalselvi i Øvre Årdal. Offerdalshalvøya er særst lite påverka av inngrep, godt merka stier, hytter og kommersiell ferdsel og er såleis viktig både for villrein, biologisk mangfald og det heilt enkle friluftslivet. Nundalen og Nundalselvi er ein del av denne urørte heilskapen lokalt i Årdal.

Frå konsesjonssøknaden side 2: ”Områdene i Øvre Årdal og området sørøstover er sterkt preget av kraftutbygging ved utbygging av Tyn kraftverk.” Dette er vi heilt einige i.

”Områdene vestover og nordover har få inngrep.” Området vestover har få inngrep, der er vi einige, men nordover er store områder igjen preget av vasskraftutbygginger – mot Berdalen, Turtagrø og Sognefjellet.

Årdal Turlag og Sogn og Fjordane turlag er såleis sterkt imot at dalføret og elvi i Nundalen får konsesjon for kraftutbygging. Det er viktig å få behalde nokre områder i relativt nærmiljø som urørte i denne samanheng. Dei gamle kulturmiljøa opplevast positivt som heilskaplege gamle spor med kulturminner i kulturlandskap.

Landskapet i Nundalen:

Det går fram av konsekvensutgreiinga at Nundalen er eit landskap med mange ulike element. Vegetasjonen er frodig, artsrik og relativt høgproduktiv, særleg i dei nedre delane. Der er tre markerte naturtypar – bergkløft og bergvegg, slåttemark og fossesprutsone. Bergvegg må her vere det same som natursystemet fosseberg (Norsk rødliste for naturtyper 2011) ein nær truga type som får langt mindre verdi dersom vassføringa vert redusert slik utbyggingsplanen går ut på. Det same gjeld natursystemet fosseeng, som òg er nær truga. Grunnane til denne statusen i raudlista er både arealreduksjon og tilstandsreduksjon, i det vesentlege på grunn av kraftutbygging. I Nundalen renn elva i eit bratt juv med fleire 20-30 meter høge fossar. Her er altså ei sjeldan samling av nær truga naturtypar.

Kulturmarkinnslaget med fleire slåtteenger. T.d: Slåttemarka ved stølen Haugstad:

Heilskapleg kulturlandskap. Den biologiske verdien ligg i engareal med innslag av urterik eng. Suksessjon med skogsartar som kjem inn er starta. Den best bevarte enga ligg ovanfor tunet. Verdien er noko usikker, området er gjengroande og siste synfaring vart gjort i 1988 (Helle 1989). Gjengroinga vert bremsa opp av at engareale vert beita av rein om våren. Skjøtsel ved slått og beite bør koma raskt i gang for å stogge gjengroing og for å få fram att dei kulturtilpassa plantane.

NB! Engarealet vert beita av rein om våren. Det syner at reinen nyttar eit større område enn det som er merka av i Fylkesatlas.no for villreinområde! Kjelde: www.fylkesatlas.no
Elva har anadrom fisk opp til Nedre fossen. Heile dalen er utan større tekniske inngrep og i dei øvre delane vandrar villrein. Det er registrert 45 fugleartar, eit høgt tal samanlikna med det som normalt går fram av liknande konsesjonssøknader. Fossekall er ein av dei, ein art som har fått mykje dårlegare levekår i mange utbygde vassdrag. Heile dalen er fri for tyngre inngrep og går øvst over i kategorien villmark. Nundalen er godt kvalifisert til vern etter naturmangfaldlova, dersom eit slikt tiltak skulle bli aktuelt i området.

I ein større skala er området ein del av Offerdalshalvøya med mykje INON inkl. villmarksprega sone. Utbygginga vil gje eit tap på 5,1 km² av inngrepsfri natur i sone 2. Ser ein samla på evt sumverknader av andre utbygginger i Kinsedalen og Offerdal, kan totale tap bli langt større; Offerdal opp mot tap av 18 km², medan Kinsedal og Kveken vil gje minimalt, vert totaltap evt på 23 km².

Fakta: Naturtype

Seimsdalen

Myrområde, hekkeplass for våtmarksfugl. Området vart vurdert til lokalt viktig under verneplanarbeidet for våtmark (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1985). Lokaliteten sin verdi ligg hovudsakleg i funksjonen som hekkeområde. Det meste av myrane ligg under skoggrensa. Myrar av noko størrelse under skoggrensa er sjeldsynt i regionen (indre Sogn) og lokaliteten vil soleis også ha ein viss verdi som bakkemyr/terrengdekkande myr. Området har ein viktig biologisk funksjon og bør få liggje utan inngrep.

Utbygginga i Nundalen vil utnytte fallet og fjerne vatnet over ein strekning på 2170 meter, der det søkes om 5.persentil vassføring i vassdraget. Det vil endre og redusere karakteren og opplevinga av elva mykje over ein lengre del der fosselandskapet også vert redusert monaleg om berre toppane av vårflaumen vert att.

Om utbygginga:

Nundalselvi planlegges utnyttet til kraftproduksjon gjennom bygging av Nundalselvi kraftverk. Elva ligger på nordsiden av Årdalsvatnet, ca. 2 km vest for kommunesenteret Øvre Årdal.

Nundalselvi kraftverk vil utnytte vannføringen fra et felt på 16,8 km² av vassdraget i et 415 meter høyt fall i Nundalselvi mellom kote 420 og kote 5 ved Årdalsvatnet (alternativt inntak ved kote 365 er omsøkt).

Lengde på berørt elvestrekning er ca. 2170 meter lang.

Installasjon av kraftverket vil være på 6,3 MW med en estimert årsproduksjon på 14,1 GWh.

Inntaket planlegges ved dam i Nundalselvi under fossen ved samløpet av elvene ved kote 420 og en ca. 1850 meter lang rørtrasé i fjell med retningsstyrt boret sjakt.

Anlegget er veiløst og det må bygges midlertidig kai ved Årdalsvatnet.

Middelvannføringen er 0,71 m³/s. Maksimal slukeevne vil være ca. 1,78 m³/s. Det er lagt til grunn av det skal slippes en minstevannføring, tilsvarende 0,115 m³/s (sommer) og 0,025

m³/s (vinter). Det er også søkt om tillatelse etter energiloven for bygging og drift av Nundalselvi kraftverk med tilhørende koblingsanlegg og kraftlinje.

Vi meiner det er ein stor del av vassdraget som vert berørt og ein slukeevne på om lag på 250 % og med ein relativt låg slukeevne vil berre i mindre grad la det vere att mindre flaumtoppar i vassdraget og at dette difor er ein relativt hard utnytting av elva. Dette er og med å gjere tiltaket lite attraktivt.

Den einaste avbøtande positive sida ved utbygginga kan vere betre tilkomst med båt til Nundalen om det vert ei ny og betre og legge til for besøkande til dalen. Dette kan likevel ikkje kompensera for tapet av den intakte vassdragsnaturen i dalføret.

Utbygginga er etter plottet som viser sesongvariasjon i vassføringar, side 6, ei typisk snøsmeltingsvatn- og noko haustflomutbygging som gjev desidert mest sommarkraft. Denne krafta vil vi meine ikkje er vesentleg og billeg nok til å forsvare tapet av den intakte vassdragsnaturen i Øvre Årdal og Årdal kommune førøvrig. Med den føreslegne utnyttinga av vatnet er det berre nokre toppar i mai/juni som vil vise att.

Deler av elva er synleg frå vegen på austsida av Årdalsvatnet. I tillegg forsyner truleg elva fisken i Årdalsvatnet (anadrom sone) med næring. Ved ein utbygging vil dette næringstilsiget verte redusert monaleg. Kor viktig dette er veit vi ikkje, men også fisken i området er prega av dei mange utbygde elvane i Årdal, det veit vi frå andre saker i området.

KU-rapporten hevdar at det er gode grunnar til å ha stor minstevassføring i elva dersom søkjaren får konsesjon. Likevel er tilrådinga ei minstevassføring som etter vår oppfatning ikkje vil dempe dei negative effektane nemneverdig.

Netttilknyting – her stiller vi spørsmål om kor mykje tiltak som må til for å få evt ny straum herifrå inn på nettet og om det er plass i nettet? Og om dette kan forsvarast ut i frå alle eksisterande inngrep i Årdal og utifrå kostnad.

Virkning for miljø, naturressurser og samfunn:

Konsekvensutgreiinga konkluderer med middels negative konsekvensar for biologisk mangfald/verneinteresser og landskap, i driftsfasen. Dette verkar som ein mild karakteristikk. Vi vil hevde at også middels negative verknader fortel at inngrepet er alvorleg i eit område som har så lite intakt vassdragsnatur igjen. Dei samla påkjenningane på vassdragsnaturen i Årdal er svært store, Hadde Nundalen vore den første utbygginga i kommunen, hadde saka stilt seg annleis.

For INON er den negative konsekvensen middels-stor i KUen. Bruken av ordet middels er forklart med at tapet ligg i utkanten av det inngrepsfrie området. Dette meiner vi er ei merkeleg vurdering. I dei fleste tilfella kjem reduksjonen i utkantane av INON. Om vi her formelt ikkje har eit INON-område frå fjord til fjell, er realiteten at det strekkjer seg nesten frå havnivået til dei høgste toppane.

Verdien av influensområdet er vurdert som middels til stor! I konsesjonsøknaden. Det tyder på at det gjerne er minst så store naturverdier i influensområdet. Vi viser til nye undersøkelser gjort i samband med konsekvensutgreiinger gjort ved småkraftutbygginger, der ein gjennomgang viser at relativt mindre del av og færre arter av verdifull natur og rødlistearter vert oppdaga og opplyst om enn det faktisk finst i området (Kjelde: artikkel i Bø avis 03.09.2015, vedlagt under). Geir Gaarder ved NINA arbeider med ferdigstilling av ein rapport om nettopp desse funna.

Her er rike utformingar av storbregne-bjørk og høgstaude-bjørk utformingar, innslag av grasurter og hassel, lind og alm, varmekjære utformingar, gråor-heggeskog, bekkekjøftar, bergvegger, fosseprøytoner, fossefall, fosseeng og slåttenger. Grove tre, gadd og læger viser til kontinuitet og sannsyn for funn av fleire rødlista arter enn denne utgreiinga viser til. Det er hjort, elg og rein i området. Det vises til vårbeite av rein på slåttemarkene i dalføret. Fossefall hekker i dalføret og i alt 45 fugleartar er registrert i nær radius, 10 km til dalføret.

Vi meiner det er stor sannsyn for at verdiane her kan vere større enn det som er vist til i KU for konsesjonsøknaden. Med store naturverdier i eit av dei få gjenverande urørte vassdraga i Årdal kommune meiner vi dette styrker grunnlaget for å meine at Nundalselvi ikkje bør få konsesjon for utbygging.

Naturverdiar i området:

Om naturverdiane i småkraftsaker og om konsekvensutgreiingane finn tilstrekkeleg av verdiane i områda. Geir Gaarder som har vore med på tidlegare arbeid med bekkekjøftstudier vil vere med på rapporten som han seier kjem seinare i haust (pers.med. geir Gaarder) :

Oterholtfossen: Vi kan ikke stole på konsekvensutredningene



[Vis avisside](#)

BØ BLAD 03.09.2015 Side 26

Forfatter: [Naturvernforbundet](#) Midt-Telemark

Biolog Torbjørn Høitomt holdt tidligere i år foredrag i Bø om kvaliteten på konsekvensutredninger i forbindelse med utbygging av småkraftverk. Høitomts firma, BioFokus, har nylig gjennomført en kontrollstudie av 20 naturmiljøutredninger på oppdrag fra NVE.

Resultatene fra studien er oppsiktsvekkende, og kan best oppsummeres med at vi dessverre ikke kan stole på de utredningene som gjøres i dag. Noen av punktene

som framkom var:

1. Det foregår en systematisk underrapportering av antall berørte arter - og spesielt gjelder dette for truede arter. Der kontrollstudien fant henholdsvis 115 og 51 rødlistede lav- og mosearter fant de opprinnelige utredningene bare 8 og 5.

2. Det foregår også en systematisk under-rapportering av truede naturtyper, dvs berørte områder med ulik egenart. Disse er inndelt i kategori A, B og C, hvor A er den mest bevaringsverdige. Der kontrollstudien fant henholdsvis 14, 34 og 10 naturtyper fant de opprinnelige utredningene bare 1, 14 og 15. For Oterholtfossens tilfelle er f.eks. fosseberget ikke definert som en egen naturtype i utredningen, selv om denne er regnet som nær truet og berøres spesielt hardt ved reduksjon i vannføringen. 3. Utrederne velger seg ofte for store arealer å kartlegge. Resultatet blir færre funn på større områder. Dette gir et mindre alvorlig trusselbilde, samtidig som det medfører lavere kartleggingsinnsats på de områdene virkelig rammes.

Mulige årsaker Hva årsaken til disse graverende manglene er kan ikke fastslås med sikkerhet. Men Høitomt peker på tre mulige faktorer:

1. For lav kompetanse. Det stilles i dag ingen krav til utdanning eller sertifisering for å utføre konsekvensutredninger for naturmiljø. Hvem som helst kan i praksis tilby dette.

2. For høyt arbeidspress. Utredningene legges ut på anbud, noe som kan føre til at tilbyderne underbyr hverandre på pris. Blir prisen for lav, kan dette få konsekvens for kvalitet og tidsbruk. 3. Bevisst under-rapportering. Det er ikke mulig å fastslå at dette skjer, men siden utbygger selv avgjør hvem som skal utføre utredningen vil det være både enkelt og fristende å velge et firma som er kjent for lave funnrapporteringer. Svekker trusselbildet. Konsekvensen av mangelfulle grunndata er et svekket trusselbilde. I tillegg har selve konsekvensanalysene ofte mangler og feil, f.eks. ved at de er for optimistiske eller bruker usikkerhet som et argument for utbygging heller enn mot - enda det er et klart brudd på Naturmangfoldloven, som sier at et føre-var-prinsipp skal legges til grunn.

Vi er mange som har påpekt mangler ved konsekvensanalysen for Oterholtfoss-utbyggingen. Derfor håper vi at NVE vurderer denne med et kritisk blikk, og ber om nye utredninger der det er behov for dette. Vi oppfordrer også kommunen som medeiereier i MTE og ansvarlig for Bøs naturforvaltning om å ta dette på alvor.

Les også vår høringsuttalelse vedr. videre utbygging av Oterholtfossen:

tinyurl.com/oterholtfossen

© Bø Blad

NB! Det står og på side 16 at den stedvis vanskelege tilgangen til elveløpet (dvs dårleg undersøkte områder) gjev molglegheit for at rødlistede fuktighetskrevjande arter kan ha blitt oversett. Fleire dagar i felt med kompetente fagpersonar er oftast naudsynt for å avdekke eit meir realistisk bilete av naturverdiane i områda. Når verdiane sannsynleg er større enn kjent og dei kjende er middels til store, vil vi meine det er grunn for å nytte førevarprinsippet i NML §9, slik det er tenkt.

Konsekvensen av ein utbygging som omsøkt med 5-persentil vassføring i ei elv der store deler av elva består av grovt substrat med stor stein vil verte stor. Mykje av vatnet i stordelen av

elva vil forsvinne mellom steinane, desse vert turrare og varmare, og fossesprøyt, fukt- og råmepåverknad vert i større grad redusert.

Brukerinteressene for friluftsliv vurderes til å ha liten verdi. Dette er vi ikkje einige i og Årdal turlag med fleire ser det heller ikkje slik. Det at dette er eit av svært få ikkjeutbygde område i ein kommune som er så sterkt preget av kraftutbygging som Årdal er, gjev området ein auka verdi, ikkje berre i dagleg bruksverdi, men også det å vite at det er der, intakt. Den verdien er vanskelegare å måle, men ikkje mindre av den grunn.

Konklusjon og samandrag:

Sumverknaden av kraftutbyggingar og kraftliner i Årdal kommune og Øvre Årdal spesielt er allereie svært stor og er i seg sjølv eit godt argument for å la Nundalselvi få renne fritt også for framtida. Dalføret og naturen rundt elva har store verdier og svært truleg er desse større enn det kunnskapen ein har no tilseier. Det er også del av eit større samanhengane nær urørt område, dette er også ein god indikator på auka og stor artsrikdom samanlikna med mindre, fragmenterte naturområde (kjelde: SABIMA gen.sekr. Christian Steel pers.med og INON-statistikk). Deler av elva er synleg for folk flest på avstand frå veg, utan å ta seg inn i dalføret og det meste av krafta er uregulert sommarkraft til ein relativt høg pris. Vi meiner difor at verdiane som går tapt ved ein utbygging på ingen måte veier opp for ulempene for friluftsliv, naturmangfald og landskap og vi går så sterkt vi kan i mot denne utbygginga og rår på det sterkaste ifrå konsesjons til Nundalselvi kraftverk!

Med venleg helsing

Elisabeth Dahle
Forum for natur og friluftsliv
Koordinator og sakshandsamar for

Ron Overdevest, leiar Naturvernutvalet
Sogn og Fjordane Turlag

Sogn og Fjordane Turlag



Marit Vøien Nes
Naturvernforbundet, - leiar

Erik Solheim
- rådgjevar -



